



Ubgdomsarbeidar John Magnus i bedehuset. Bak sit leiaren Jan Tvedt.

Nokre tiltak er meir livskraftige enn andre og det gjeld også bedehusa og det som går føre seg der. Neste år har barnelaget Unge Røyster i Uskedalen halde på i 40 år og det er i alle fall ikkje noko denne sesongen som varslar stagnasjon. Møtet ikveld samla såleis rundt 20 som stort sett er det vanlege talet. Dei unge deltakarane kjem frå både Omvikdalen, Herøysund og Uskedalen og engasjementet var stort frå dei unge også ikveld. Men så hadde dei da også spesielt besøk - av barne- og ungdomsarbeidar John Magnus Høivik som er frå Karmøy og som har ansvaret for området nordover frå Boknafjorden i organisasjonen sin.



Og så ko turen til saft og kaker

Programmet er det same kvar gong - det startar med songar og så kjem det ei bibelsoge og servering. Denne kvelden var det hyrdebegrepet som vart gjort klårt for dei unge av ein god fortellar - John Magnus. Dei var neppe i tvil omn funksjonen til ein hyrde då dei forlet bedehuset...

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen